


# Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*




## Konfirmantar 2015

1. rekke frå venstre: Martine Skaran Tveit, Oda Viste, sokneprest Ola Døhl, Maria Lill Garvik, Oline Eide.
2. rekke frå venstre: Juliane Ivarsdotter Bergsbakken, Elin Volden Hamre, Yr Enger, Julie Aurora Odden, Ylva Husby Steine.
3. rekke frå venstre: Ivar Eivindsson Fosheim, Vemund Eide, Sigbjørn Ødegård Reinli, Nils Petter Kolbjørnshus.
4. rekke frå venstre: Morten Eide, Elias Rying, Torgrim Myrvang, Torbjørn Qualben, Anders Hagen.



# Bibelen et teleskop inn i himmelen



Er det noen av dere som har sett et teleskop før? De finnes i mange forskjellige størrelser. Noen er så store at de fyller en hel gymsal, andre er mindre og passer til hus bruk.

Er det noen som vet hva vi kan gjøre med en stjernekkert?

Jo vi kan for eksempel studere *stjernene* og *planetene* og *månen* som ligger langt, langt ute i universet. Ved hjelp av en stjernekkert så kommer vi mye nærmere og kan se ting vi ikke klarer å se med øynene. Men da må det være mørkt ute. For det er da teleskopet fungerer best.

Når vi for eksempel ønsker å se på Jupiter, så vil vi oppdage at den har mange små måner som kretser rund den. Og dersom vi retter den imot Saturn – en annen stor planet, så vil vi se de majestetiske og flott ringene rundt den. Så kan vi for eksempel se alle de flotte kratrene på månen, dersom vi har lyst til å se dem.

Med et ganske alminnelig teleskop så kommer vi mye nærmere. Det er nesten som om vi kan strekke ut hendene å ta på månen. Så nærme kommer vi.

Ved hjelp av et teleskop kan vi se ting vi aldri før har sett. Det er som om vi kan se inn i en annen verden.

Men visste dere at Bibelen er et supergigantisk teleskop. Med det kan vi se inn i en usynlig verden, – en verden som ligger langt – langt borte. Vi kan se like inn i himmelriket, der hvor Gud bor.

Dersom man kikker inn i dette bibelteleskopet, så kan man se den verden som er langt borte. Men det nyttet ikke å legge Bibelen opp til øynene som om den skulle være en vanlig kikkert. Nei langt i fra! For at den skal fungere så må vi åpne den og begynne å lese i den. Og etter hvert som vi leser, så vil vi begynne å se noe vi aldri før har sett maken til, – vi vil få øye på en annen verden, og oppdage at det finnes et himmelrike og en evighet som glitrer i sin skjønnhet.

(Andakten utgjorde en post under årets pilegrimsvandringen for barna som deltar på Tween Camp her i Vestre Slidre)

Ola

(Andakten utgjorde en post under årets pilegrimsvandringen for barna som deltar på Tween Camp her i Vestre Slidre)

# Ei vise um Strø

Tone: *Det ligger et land...*



Når vårvinden kommer med linver og sol  
og fuglane kvitrap og gauken den gol  
i lidane grønne med angande blom.  
Då er det at våren til bygda kom

Med våren kom lengten til stølen i Strø  
med fjordar og kjærn og med nutar i kør,  
den vakraste stølen i fjellet han er  
og derfor har me han alltid så kjær.

Snart kjem fløtardagen då kalvar og kyr  
blir lokka vestover blant steinur og myr,  
men vegen er lang det går sakte og smått  
for to gamle mil å gå det er trått.

Far leide Brunen med kløven på sin rygg,  
i teine låg barna, men far var trygg,  
for Brunen gjekk varleg blant stubber og Stein.  
Så kom me på stølen med soli skein.

Ja, soli den skein over dei gråe sael,  
og over kjærnet som eg kjende så vel,  
og soli gylte også Klanten i nord.  
Den står som ein vaktmann for stølen vår.

Her har me stølen som fedrane har bygt,  
her sleit dei med arbeid her levde dei trygt.  
Hit tok dei sin ferd til kvar helgedag,  
som gode grannar dei samlast i lag.

Me minnes han Hallvard og Endre og Knut,  
han Alv og han Jigger, det vart ingen sut  
når kallane møttest i lag og i fest,  
Då var det at sogone lydde best.

No er kallane burte, men minne står  
i murer og steinfjøs i æveleg år.  
Meærer dei farne for arven dei gav.  
Me minnes dei der dei kviler i grav.

No er Brunen burte og kløvreie med,  
men det er vel ingen som syrgjer på det.  
No går mjølkebilen kvar einaste dag,  
og fraktar folk og gods av alle slag.

O.E.

# «Påskevandring» i barnehagane

I uka før påske reiste trosopplærer Caroline Eugenie Synvis rundt til barnehagene i Vestre Slidre og fortalte om påsken. 3 barnehager fikk besøk; Røn, Lomen og Slidre barnehager. Påskehistorien er spennende og fenger barna. De fulgte nøye med og stilte mange gode spørsmål underveis. Caroline brukte sang og flanellograf under fortellingen, og dette var veldig populært. I disse tider hvor nesten hva som helst kan gjøres på en skjerm, blir det nærmest eksotisk med figurer av flanell som henger helt av seg selv på en stoffplakat! Og etterpå var de svært behjelpelege med å rydde figurene på plass igjen. De var også veldig flinke til å synge med på sangene! Dette var nye melodier for mange, men etter få repetisjoner ble det riktig fine kor. Tusen takk til alle barna, og til barnehagepersonalet som ønsket oss velkommen og samlet alle til en hyggelig stund!

*Caroline*



*Caroline viser budskapet.*



*Caroline fengar mange små med gitarspel og song.*

# KYRKJEVAL 2015

13. og 14. september er det kyrkjeval! Då skal det veljast nye sokneråd i Slidre, Lomen og Røn sokn for 2015 – 2018 og nytt bispedømmeråd for 2016 - 2019. Valet går føre seg i same bygg (andre rom) som kommunestyre – og fylkesting-valet og same tider.

Alle som fyller 15 år i 2015 og er medlem av Den norske Kyrkja, har stemmerett ved valet.

Manntal-lister vert lagt ut på kyrkjekontoret 15. juli og kan kontrollerast i kyrkjekontoret sin opningstid. Det er mogeleg å førehandstemme på kyrkjekontoret i tidsrommet 31. august og 4. september.

Soknerådet er kyrkjas høgaste organ i soknet. Saker som soknerådet har til handsaming:

Kulturarbeid i soknet

Trusoplæring (arbeid blant barn og unge)

Leggja til rette arbeid blant konfirmantar og ungdom

Diakoni og omsorg

Feirkulturelt arbeid innan kyrkja

Gudstenesteliv og gudstenesteplanar

Uttale ved tilsetting av prest

Høyningsuttaler

2 frå kvart sokneråd vert vald inn i Fellesrådet som er arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette (med unntak av presten som har biskopen som arbeidsgjevar) Fellesrådet har òg ansvar for vedlikehald av kyrkjer og kyrkegardar og drift av desse.

Alle som er medlem av Den norske kyrkja er valbare til soknerådet. Sokneråda har gjort eit stort arbeid og sett opp kandidatlister til soknerådsvala i alle sokna. 6 medlem og 5 varamedlem skal veljast inn i kvart sokneråd.

## **Kandidatliste til Røn sokneråd:**

1. Martin Wiknes, Rogndokkvegen 173, 2900 Fagernes, 60 år
2. Anne-Marit Røn, Rønsvegen 109, 2960 Røn, 51 år
3. Jan Martin Hambro, Knippesetvegen 11, 2960 Røn, 54 år
4. Inger Astrid Nordberg, Grefsrudvegen 18, 2960 Røn, 65 år
5. Hege Fosheim, Fosheimvegen 41, 2960 Røn, 40 år
6. Asbjørg Hansebråten, Oppheimsvegen 39, 2960 Røn, 44 år
7. Ivar Qualben, Tyinvegen 1628, 2960 Røn, 44 år
8. Gunvor Hambro, Rønsvegen 263, 2960 Røn, 49 år
9. Odd Bækkelien, Rønsvegen 500, 2960 Røn, 54 år
10. Veslemøy Kvamme, Grefsrudvegen 50, 2960 Røn, 44 år
11. Kjell Nordåker, Oldrumvegen 83, 2960 Røn, 52 år
12. Øyvind Magistad Berge, Rønsvegen 250, 2960 Røn, 70 år

## **Kandidatliste Slidre sokneråd:**

1. Hilde Berge, Vestsidevegen 891, 2960 Røn, 44 år
2. Jan Tore Vik, Vestsidevegen 1583, 2967 Lomen, 39 år

3. Siv Tone Drevsjømoen, Vøllavegen 27, 2966 Slidre, 33 år
4. Frank Wøien Mo, Jordheimsvegen 69, 2960 Røn, 44 år
5. Lisbet Vik, Vestsidevegen 1583, 2967 Lomen, 68 år
6. Nils Olav Tilden, Slidrevegen 244, 2966 Slidre, 63 år
7. Caroline Eugenie Groth, Tvangsbakken 1, 2966 Slidre, 36 år
8. Grethe Løken, Tyinvegen 2644, 2967 Lomen, 46 år
9. Ingebjørg Moe, Vestsidevegen 897, 2960 Røn, 71 år
10. Aud Lahaug, Tvangsbakken 8, 2966 Slidre, 70 år
11. Jan Dokkehaugen, Steinsvegen 19, 2967 Lomen, 32 år
12. Karin Bjørnsrud, Vestsidevegen 1059, 2960 Røn, 54 år

## **Kandidatliste Lomen sokneråd:**

1. Mona Røtterud, Lina 26, 2967 Lomen, 43 år
2. Inger Lise Aastad Kjøs, Nordabergsvegen 114, 2973 Ryfoss, 57 år
3. Thomas Aastad, Nordabergsvegen 336, 2973 Ryfoss, 56 år
4. Brita Siri Nesja, Ellestadvegen 207, 2967 Lomen, 53 år
5. Audun Øygard, Vestsidevegen 1947, 2967 Lomen, 39 år
6. Ola Tvene, Johmsvegen 41, 2967 Lomen, 43 år
7. Randi Irene Øraker Horge, Nordabergsvegen 380, 2973 Ryfoss, 57 år
8. Anne Marte Lyseng, Tyinvegen 3084, 2967 Lomen, 20 år
9. Margit K. Lyngstad, Vestsidevegen 2119, 2967 Lomen, 64 år
10. Ola Bakke, Nordabergsvegen 260, 2973 Ryfoss, 45 år
11. Per Olav Eide, Tyinvegen 3124, 2967 Lomen, 67 år

## **Bispedømmerådet**

I bispedømmerådet i Hamar bispedømme er det 11 medlem. Av dei er 7 medlem valt av og blant medlemmene i den norske kyrkje, 1 prest tilsett i bispedømme, valt av prestane i bispedømme og 1 lek tilsett, valt av leke kyrkjeleg tilsette i fellesrådsområda. Dei 11 bispedømmeråda i landet utgjer det årlege Kyrkjemøtet. Kyrkjemøtet er kyrkja sitt «storting» og det øvste representative organ i Den norske Kyrkje. Der er det 114 representantar og 77 av dei er leke representantar. Du kan påvirke kven som skal representera ved å stemme ved bispedømmerådsvala.

Bispedømmerådet skal:

Støtte og inspirere kyrkjelydane i deira arbeid.

Prege kyrkja sitt vegval i aktuelle saker.

Tilsetja prestar.

Vedta strategiar og planar.

Delta på Kyrkjemøtet, «kyrkja sitt storting»

Det er 2 lister til leke medlem av bispedømmerådet, og du finn dei på kyrkja si nettside: [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no).

**BISKOP SOLVEIG FISKE SEIER:** «Kirken er et viktig samlingspunkt i høgtid, glede og sorg. Kirken er i endring. Din stemme er avgjørende for hvordan folkekirken skal være. BRUK STEMMERETTEN DIN!»

# Tween Camp 2015

Roen har senket seg i prestegården. Den stillheten som nå råder, står i sterkt kontrast til det vi bevitnet tidligere i dag, da prestegården var arena for friluftsgudstjeneste – med omlag 180 mennesker innom. Denne markerte slutten på en fantastisk helg.

39 barn i alderen 8 til 13 år har vært samlet til barnas kirkehelg her i Vestre-Slidre. Der har de vært med på mange ulike aktiviteter som sommer-OL, leirdans, kveldssamlinger i Slidredomen, pilgrims-vandring med Bibelen som tema, ellevill kordans, bading i Slidrefjorden, grilling, underholdningskveld, og mye lek og moro.

For å gjøre dette mulig har vi fått god hjelp av over 30 frivillige og 9 herlige ungdomsledere. I tillegg har vi vært 4 voksenledere på leiren.

Bibelen har vært det overordnede temaet for årets Tween Camp, som er den tredje i rekken. Barna har i løpet av disse tre dagene fått et innblikk i Bibelen som kilde til tro, håp og kjærlighet.

Vi har tro på at barna sitter igjen med en større spire på det frøet som ble sådd i dåpen, og har et håp om at dette kan vokse seg enda sterkere etterhvert. Spesielt gledelig var det at den nye tentipien (Lavvoen) kom i bruk, og den håper og tror vi kommer til å bli en velsignelse for barne- og ungdomsarbeidet i mange år fremover.

I takknemlighet til alle de menneskene som viser et så stort engasjement for det barne og ungdomsarbeidet som drives her i Vestre Slidre,

Cecilie og Ola







# Klimapilegrim 2015

## PÅ VEI MOT KLIMARETTFERDIGHET

Klimapilegrim 2015 er en internasjonal, tverrkirkelig mobilisering for en rettferdig klimaavtale. Søndag 7. juni starter vandringen på Svalbard, Nordkapp og Selje, og sammen med kirker over hele verden går vandringen mot klimatoppmøtet i Paris. Målet er en rettferdig klimaavtale. Vi går fordi klimaendringene truer oss alle, og fordi de rammer de fattige i verden hardest. Under Klimapilegrim 2015 vil vi derfor samle inn underskrifter med budskap om at Norge må bidra med mindre utslipp og mer penger til klimatiltak i fattige land.

Klimapilegrim 2015 er en form for stafett, der en vannflaske bringes fra sted til sted og utgjør stafettpinnen. Vandringen går gjennom Hamar bispedømme 2. – 9. august. Stafettpinnen overtas på Hjerkinn, og deretter går stafetten gjennom våre bygder og byer før stafettpinnen overbringes Borg bispedømme på Minnesund. På [www.klimapilegrim.no](http://www.klimapilegrim.no) ser du hvordan du kan delta i vandringen for klimarettferdighet.

Det er anledning til å delta på hele eller deler av vandringen gjennom bispedømmet. Noen av etappene er lagt opp til sykkel eller andre fremkomstmidler. Det blir punktmarkeringer basert på lokale initiativ underveis.

Vandringen består av følgende etapper gjennom Hamar bispedømme:

Søndag 2. august:	Hjerkinn – Otta
Mandag 3. august:	Otta – Kvam/Vinstra
Onsdag 5. august:	Kvam/Vinstra – Sør Fron – Ringebu/Øyer
Torsdag 6. august:	Ringebu/Øyer - Lillehammer
Fredag 7. august:	Lillehammer – Ringsaker
Lørdag 8. august:	Ringsaker – Hamar
Søndag 9. august:	Hamar – Eidsvoll

Det blir også en vandring langs leden Toten – Hadeland lørdag 8. august og søndag 9. august.

For mer informasjon om vandringen gjennom Hamar bispedømme kan du kontakte:

Anne-Lise Brenna Ording, Hamar bispedømmeråd: [anne.lise.ording@gmail.com](mailto:anne.lise.ording@gmail.com)

Kristin Tepstad Eide, Kirkens Nødhjelp: [kte@nca.no](mailto:kte@nca.no)

**Bli med å gå for klimarettferdighet mot klimatoppmøtet i Paris!**

## Stiftinga Torgeir Før's minne

deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leiarar eller kurs. Frivillige lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarane må være frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad sendast til:

Torgeir Før's minne Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller [torgeirforsminne@yahoo.no](mailto:torgeirforsminne@yahoo.no)

# Årsmelding for Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd 2014



DEN NORSKE KYRKJA  
Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd,  
v/kirkjeverje / dagleg leiar Elisabeth Myhre  
Slidrevegen 20,  
2966 Slidre

Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd har i meldingsåret hatt slik samansetting:

## Funksjon

	Namn
Leiar	(Røn) Andris Tuvmarken
Nestleiar	(Lomen) Liv Stokkebryn Ødegård
Medlem	(Røn) Martin Wiknes
	(Slidre) Kari Tveit Hande
	(Slidre) Ingebjørg Reien
	(Lomen) Torger Hålien
Biskopens representant	Ola Døhl
Kommunens representant	Margit Bratvold
Vara Lomen	Tore Gullhaug
Vara Slidre	Oddrun Kverneggen
Vara Røn	Turid Kjersti Berge
Vara biskopens representant	Prost i Valdres
Vara kommunens representant	Olle Rosendal

Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd har hatt 5 møte og handsama 34 vedtakssaker og 2 drøftingssaker.

Forhandlingsutvalet har hatt 1 møte i samband med lokale forhandlinger hausten 2014.

Administrasjonsutvalet har hatt 2 møte i samband med intern utlysning og tilsetting av stillinga som kyrkjetenar i Lomen og Slidre sokn.

I meldingsåret har departementet lagt ut 2 store høyringar: NOU 2014:2. Lik og likskap, om betaling for kremasjon, gravlegging og grav, frå «Lae-utvalet».

Frå Kulturdepartementet: STATEN OG DEN NORSKE KIRKE. Fellesrådet har sendt inn høyringssvar på begge høyringane.

## Organisasjon

Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd har ved utgangen av 2014 10 tilsette i 14 stillingar, i storlek frå 5% til 60%, i alt 2,5 årsverk. Det har vore nokre utskiftingar i staben. Kyrkjetenar Ola Sandhaugo gjekk av i juni med alderspensjon etter lengre sjukemelding. Klokkar i Lomen, Kjersti Kirkeby Ødegård, sa opp si stilling i haust. Vi har heldigvis fått tilsett i alle stillingar. Nokre stillingar vart justerte om, etter avtaler med tilsette og fellesrådet v. kirkjeverje. Klokkar- og kyrkjetenarstillinga i Slidre er delt mellom tenestegjering i messer og i gravferd/vigsel.

Alle dei tilsette er positive i sitt arbeid, og utfører dette på ei utmerka måte. Dei nytilsette er lærevillige og går godt inn i staben. Fellesrådet takkar alle tilsette, dei som har slutta i dette året, dei som er verande og dei nytilsette, for ein flott innsats for kyrkja i Vestre Slidre.

Det har vore 3 sjukemeldingar i meldingsåret, 2 av dei var etter planlagte operasjonar.

Kantor Are Alund har frå september og ut året hatt foreldrepermisjon. Lars Småladden har vore ein godt kvalifisert vikar i denne perioden. Vi takkar Lars for framifrå arbeid.

## Kyrkjeleg verksemd

Det har vore 60 gudstenster i meldingsåret, og av dei har 7 vore feira andre stader enn i kyrkjene våre, på sjukeheimen, friluftsgudsteneste m.m. Det har vore 2 skulegudstenester før jul, etter førespurnad frå skulane.

Det har vore 27 gravferder, 9 vigslar, 20 barn er bore til dåp og 21 ungdomar vart konfirmerte i kyrkjene våre.

3 medlemar har meldt seg ut av kyrkja og 2 personar har meldt seg inn.

Dåpshelsinger etter 1, 2, og 3 år sidan dåp er sendte, 4 og 6-årsbøker utdelte, og 5-åringane i Røn, Lomen og Slidre barnehagar hadde julevandringer før jul. (Få 5 åringar i Lomen, så dei vart med Slidre barnehage i Slidredomen.)

Trusoplærar Kjersti Kirkeby Ødegård var i alle tre barnehagane før påske.

Sundagsskulene og alle barn var inviterte til sundagsskuleskirenn i Lomen. Det vart dessverre avlyst p.g.a. snømangel. 8-åringane var inviterte til Tårnagethelg i Slidredomen.

Det vart ikkje arrangert «Lys Vaken» for 11-åringane i 2014, då Vestre Slidre var utan trusoplæringsmedarbeidar.

«Barnas Kyrkjehelg, TweenCamp», eit tilbod til 9, 10, 11 og 12-åringane i Vestre Slidre med overnatting i prestegardshagen, leik og aktivitetar, gruppessamlingar, kveldsamlingar og gudsteneste. Stor takk til prestefamilien som opnar heimen sin, og til sokneråda og ungdomsleiarane som gjer dette mogeleg.

Soknepresten har fått engasjert ein gjeng med ungdomsleiarar, tidlegare konfirmantar. Desse har vore , saman med soknepresten, på leiaropplæring – kurs.. Dei hjelper til ved arrangement for born og unge. Dette er veldig positivt og ungdomane er ein stor ressurs.

Prest, diakonmedarbeidar og kantor har ansvar for songandakter på Vestre Slidre sjukeheim om lag annakvar veke. Det har òg vore besøk av kyrkja sine tilsette på Plassen og i Omsorgsboligane. Bergtun, kommunen sin demensavdeling, har òg jammleg besøk av besøkstenesta og diakonmedarbeidaren. Diakonmedarbeidaren organiserer besøkstenesta på sjukeheimen, omsorgsboligane og på Bergtun. (Sjå diakonmedarbeidaren sin årsmelding.)

Lomen kyrkje har hatt ei restaurering av innvendige overflater i 2014. Kyrkja var stengt frå først i desember 2013 til Helgetorsdag, 29. mai, 2014. Arbeidet som er utført av Slidre bygg & restaurering A.S. er gjort etter nøye undersøkingar av material og tidligare måling. Kyrkja framstår nå som nesten ny, og firmaet med deira tilsette skal ha mykje ros for arbeidet.

Lomen sokneråd og kyrkjelyd feira 100-årsjubileet til Lomen kyrkje med stor festivitas! Mange innbedte gjestar, biskop, prost og prestar, og ei full kyrkje gjorde dagen høgtidleg. Kvamshall vart fylt av feststemte menneske etter messa. Dagen vart avrunda med ei vitjing i Lomen Stavkyrkje.

Slidredomen var valkyrkje i 1814, og i høve 200-års-jubileet, fekk kyrkja ei minneplate til å setja opp ute (er festa på kyrkjeposten) og ein kopi av sendingsbrevet til dei utvalde frå Vestre- og Øystre Slidre. Dette er sett opp på eit staffeli i Slidredomen. 200-års jubileet for grunnloven vart markert av ordfører Lars Kvissel under gudstenesta 17. mai.

Ny salmebok, Norsk Salmebok 2013, er tatt i bruk i alle sokna. Sokneråd, sokneprest og kantor har utarbeidd ein høgmesseliturgi i tråd med gudstenestereforma.

## HMS. Velferdstiltak. Stabsarbeid

Kyrkjetenar Ola Sandhaugo gjekk av med pensjon dette året. Han har vore ein trufast medarbeidar i mange år. Trusoplæringsmedarbeidar og klokkar Kjersti Kirkeby Ødegård sa opp si stilling og gjekk over i anna arbeid. Fellesrådet og sokneråda takka dei to på ein kyrkjekaffe etter ei høgmesse i Lomen kyrkje. Det vanka gåver og blomster.

Kyrkjene manglar fortsatt godkjente redningsvegar frå galleri og tårn, noko som vart påpeikt av Valdres brannforebyggende avd. i 2013. Kyrkjeverja har vore i kontakt med brannmeistaren for å få råd ved kjøp av utstyr.

Det er halde 4 stabsmøte i meldingsåret. Dei vert gjerne halde i forskjellige kyrkjer, kor brannvern og -rutinar er faste saker.

Eit av møta vart halde på hytta til soknepresten. Vi brukte ein heil dag til å gå igjennom årshjulet for gudstenestene og korleis vi skal knytte trusopplæringsplanen til dette. Eit anna tema var motivasjon knytt til arbeidet i kyrkja.

Fellesrådet inviterte i år også staben, sokneråda og frivillige til adventskveld på Sekskantern, Vaset. Denne samlinga er blitt ein kveld mange ser fram til, og fellesrådet er glade for å gjera noko for dei som gjer så stor innsats for kyrkja i Vestre Slidre.

### **Anna vedlikehald**

Vestre Slidre kommune, ved teknisk etat, tek seg av mindre vedlikehaldsoppgåver. Fellesrådet har ei synfaring i juni, saman med teknisk etat, for å sjå på nødvendig vedlikehald i /på kyrkjene og kyrkjegardane. Fellesrådet og kommunen har ei tenesteavtale som er retningsgivande for dette arbeidet.

Det var kontroll av Valdres El-kontroll på kyrkjene i oktober 2014. Det var ingen avvik.

Det er ikkje gjort andre store vedlikehaldsoppgåver i 2014 enn restaureringa av innvendige flater i Lomen kyrkje. Det er stadig små ting som kjem, og avtala med kommunen dekkjar det meste av dette.

### **Økonomi**

Tilskotet frå Vestre Slidre kommune var kr. 2.000.000,-, det same som i fjor. Dette ble ein reell nedgang, då både løningar og prisar aukar. Inntektene vart ikkje som forventa, då fellesrådet har framleis mykje utståande i form av festeavgifter.

Då rekneskapen for renoveringa av Lomen kyrkje lå føre, var det ein overskridning på kr.104.049,13. Noko av grunnen til meirforbruket er ekstra arbeid for firmaet då ein ikkje kunne fjerne benkane. Elektrikar-arbeid var ikkje tatt med i kostnadsoverslaget. Ekstra utgifter til konsulent ved stadfesting av materiell og målingstype som var brukt tidlegare, kom òg i tillegg. Fellesrådet sökte kommunen om å få dekka dei ekstra utgiftene, men fikk avslag med grunngeving i at fellesrådet har eit disposisjonsfond som kunne brukast.

Fellesrådet sökte, på vegne av sokneråda og seg sjølv, kommunen om ekstra løying til salmebøker og koralbøker med notemateriell i høve ny salmebok. Fekk kr. 30.000,-. Fellesrådet forte over kr. 6.000,- til kvar av sokneråda til salmebøker.

Installering av nytt brann- og innbrotsanlegg i Lomen Stavkyrkje vart sett ut til 2015. Kostnaden er rekna, av RA til kr. 600.000,-, og derav er kr. 200.000,- overført frå RA og er sett på bunde fond, og resten kjem i 2015. (Vi er «byggherre», men RA garanterer for fullfinansieringa.)

Rekneskapen viser eit meirforbruk på kr. 181.572,82. Disposisjonsfondet var på kr.131.957,25.

### **Utfordringar**

Ei stor utfordring for fellesrådet, sokneråda og Den Norske Kyrkje i si heilheit, er å auke kyrkjesøkinga blant folk. Det var også ei av utfordringane frå biskopen ved visitasen 2013. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

Økonomi til å få gjort naudsnyt vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegarder, er og ei utfordring.

Røn kyrkje treng ei oppussing utvendig. Her er det ein del arbeid som må gjerast, før sjølve målinga.

Resten av stakittgjerdet rundt kyrkjegarden må vaskast og målast. Ved Øyjar kapell er det ein del gravminne som ikkje er sikra og kan velte. Dette må takast fatt i.

Det er kome krav om brannvarslingsanlegg og ledelys i Øyjar kapell.

Ved Slidredomen treng toaletta ei «ansiktlofting». Bårerommet treng kjøleanlegg.

Varmerøra på golvet under benkane i kyrkja må ha deksel, så ingen kan brenne seg på røra.

Kyrkjegarden treng fleir vatnpostar.

Ved Lomen Stavkyrkje må ein leggja ein 1 meter brei singelgang rundt kyrkja. (Krav frå RA)

Kyrkjegarden ved Lomen kyrkje treng utviding. Kommunen har sett av pengar til planlegging, men kyrkjeverja har ikkje hatt kapasitet til å ta tak i arbeidet.

I alle kyrkjene treng ein redningstau frå tårnet, noko som er påpeika i rapporten frå Valdres brannforbyggande avdeling. Vi treng også redningsstiger frå galleria, påpeika i same rapporten.

Kyrkjeverjestillinga er i meldingsåret auka til 60%. Utfordringa frå biskopen var å auke stillinga til 80%. Fellesrådet har som mål å auke 10% til året, fram til 80% i 2016.

**Til slutt** vil Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd takka alle medarbeidarar, tilsette, frivillige og Vestre Slidre kommune, for eit godt samarbeid i 2014. Ser fram til eit nytt år med eit like godt samarbeid.

# **Årsmelding for Slidre sokneråd 2014**

### **Medlemmer i soknerådet**

leiar	Oddrun Kvernegggen
nestleiar	Ingebjørg Reien
kasserar	Siv Tone Drevsjømoen
sekretær	Rønnaug Tønsager
medlemmer	Kari Tveit Hande
varamedlemmer	Toril Irene Stensrud Trøen Marit Granheim Trøyflat Sverre Myrheim Nils Olav Bakken Karin Bjørnsrud

Bårehusnemnda  
Diakoniutval

- Oddrun Kvernegggen  
- Marit Granheim Trøyflat

### **Møter**

Vi har hatt 6 soknerådsmøte og behandla 23 saker  
1.vara har møtt på alle møta.

### **Viktige saker som er behandla dette året:**

Ny liturgi  
Vi har tatt i bruk ny salmebok (50 + 20 med stor skrift)  
Soknerådsval har kyrkjerådet bestemt heretter skal vere kvart 4 år, samtidig med kommunevalet.  
Kyrkjemusikalsk plan er vedtatt og skal reviderast kvar soknerådsperiode.  
«Staten og kirka – et tydelig skille» Sokneråda og fellesrådet har sendt uttale om dette til bispedømmerådet.

### **Ulike nemnder og utval der vi er med:**

Fellesrådet	- Ingebjørg Reien og Kari Tveit Hande
Gudstenesteutval	- Oddrun Kvernegggen
Trusopplæringsutval	- Siv Tone Drevsjømoen
Redaksjon av kyrkjebladet	- Toril Irene Stensrud Trøen

## Gudstenesteliv

29 gudstenester

24 i Slidredomen og 3 på sjukeheimen,

1 på Mo kyrkjeruin og 1 på Kvitsyn

+ skulegudstenester og barnehagebesøk.

Soknerådet stiller med kyrkjevertar på kvar gudsteneste.

Kyrkjebesøket varierer. Best besøk ved høgtider og når barn og unge deltek i gudstenesta.

**Tween Camp** i prestegarden samla 9-12-åringar + ein del konfirmandar og ungdomsleiarar. Flott helg der alle overnatta i lavvoar som var sett opp i prestegarden. Soknerådet hadde ansvaret for det praktiske og matservering. Utegudsteneste søndag på den nye kyrkjegarden, med eit flott kor som framførte det dei hadde øvd på i helga. Stor takk til presten og kona fordi dei fekk dette til!

**Trusopplæring.** Vi har hatt Kjersti Kirkeby Ødegaard tilsett for å arbeide med trusopplæring i Vestre Slidre. Ho har no gått over i annan stilling, og vi takkar henne for godt arbeid.

Inn under dette ligg blant anna organisering av ei Tårnagenthelg for 8-åringar i Slidredomen. Kjersti har hatt hovudansvaret, og soknerådet har hjelpt til.

## Konfirmantar

Konfirmandane får tilskot på kr 500 kvar fra soknerådet for å reise på konfirmantleir i Kragerø.

I tillegg får dei kvar si gave på konfirmasjonsdagen. Konfirmandane har hatt fine samlingar i kyrkja og prestegarden også dette året.

## Fasteaksjonen

Alle konfirmantane var med på denne, og soknerådet stilte med skyss og planlegging av roder.

To frå soknerådet var også med på årets TV-aksjon.

**Stor dugnad** med luking og raking på kyrkjegarden i mai, og soknerådet har hatt ansvar for stell av legatgraver sommaren 2014.

## Tilsette

Prest	Ola Døhl
Kyrkjeverge	Elisabeth Myhre
Diakoni/klokkar/kontorfullmektig	Trine Geicke Kolbjørnshus / Elbjørg Myrvang Wiknes
Kantor	Are Alund / vikar: Lars Småladen
Kyrkjetenar	Odd Kolbjørnshus og Safet Vladovic
Trusopplæring	Kjersti Kirkeby Ødegaard
Ringrarar	Odd Kolbjørnshus og Jan Ole Bråten og Safet Vladovic
Reinhaldar	Marit Granheim Trøyflat

I haust var det avslutningfest for Ola Sandhaug og Kjersti Kirkeby Ødegaard i Lomen kyrkje.

Slidre sokneråd takkar for godt samarbeid med alle tilsette

*Oddrun Kverneggen  
Leiar*

*Rønnaug Tønsager  
Sekretær*

# Årsmelding for Røn sokneråd 2014

## Soknerådet i perioden:

Leiar:

Anne Berit Str Strand attval som leiar i september.

Nestleiar:

Andris Tuvmarken

Sekretær:

Martin Wiknes

Kasserar:

Randi Røn

Andre medlemmer:

Turid Berge

Møtande varamedlem:

Geir Egil Skattebo

Andre varamedlemmer:

Øyvind Magistad Berge

Dessutan er fast medlem (ikkje vald)

Ruth Marie Røn, Jan Martin

Sokneprest:

Hambro, Hege Fosheim og

Marit Kristine Ruud Vidste.

Geir Egil Skattebo

Marit Kristine Ruud Vidste.

## Andre verv:

Repr. kyrkjebladet:

Turid Berge

Repr. kyrkjeleg fellesråd:

Andris Tuvmarken og

Martin Wiknes

Repr. i trusopplæringsutvalet:

Geir Egil Skattebo

Repr. i gudstjenesteutvalget:

Andris Tuvmarken

Repr. i diakoniuvaltet:

Geir Egil Skattebo

## Fast tilsette:

Kantor:

Are Alund

Klokkar:

Magnhild Skjel

Kyrkjetenar:

Safet Vladovic

Truslærar:

Kjersti Ødegård, fram til hausten

2014.

Caroline Groth, frå hausten -2014

Graving og kyrkjegardsslått:

Tekn. etat v/Fellesrådet

Vasking:

Marit Trøyflat

Diakonarbeidar:

Eldbjørg Myrvang Wiknes.

## Årsstatistikk:

7 soknerådsmøte

38 saker til handsaming

16 gudstjenester

898 deltakarar

5 døpte

8 konfirmanter

3 kyrklege vigslar

8 gravferder

Takkoffer: Viser til årsrekneskapen.

## Aktuelle saker i 2014:

- Trusopplæringsplan er godkjend.
- Kyrkjemusikalsk plan er utarbeidd av kantor Are Alund og vedteken.
- Innføring og innkjøp av nye salmebøker til Røn kyrkje og Øyjar kapell, totalt 100 stk.
- Øyjar kapell 50 år.  
Markering med deltagkinga av fung.prost Marit Slettum, historisk tilbakeblikk ved Martin Wiknes og kyrkjekaffi.
- Sundagsskulen i Røn har jamlege samlingar i kyrkjestogun, om lag annakvar sundag i vinterhalvåret. Deltakinga varierer, gjennomsnitt 10 frammøtte på samlingane. Marit E.Viste og Hilde Nybråten Berg gjer ein god innsats for dei yngste kyrkjemedlemmene våre.
- Innkjøp av gaver til konfirmandane, små kors i lærreim til å ha kring halsen.
- «Kyrkja» hadde påskesamling I Røn barnehage.
- Adventsamling i Røn kyrkje i samarbeid med Røn musikklag.
- Julevandring med barnehageborna i Røn kyrkje
- Skulegudsteneste for Røn skule.
- Igangsetjing av arbeid med ny altarduk til Røn kyrkje v/Kari Uvsløkk Røn.

- Aktivitetar saman med dei andre sokneråda og kyrkjeleg tilsette:  
Fasteaksjon i mars.  
Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringar.  
Tårnagenthelg i Slidredomen i april.  
Tweencamp og Førsteklasses var eit stort tilbod til born og ungdom i kommunen i juni, med sikker regi frå Cecilie og Ola i prestegarden  
Gullkonfirmantfest i august.  
Lys vaken” måtte dessverre avlysast i år grunna mangel på truslærar.
- Besøkstenesta (samarbeid mellom diaconiutvalet og helsesportslaget)
- Utbetringar i kyrkestogun; lysforhold og nye gardiner v/Eline Berge og Inger Astrid Nordberg.
- Mona Dalen er tinga til å skrive eit hefte om Øyjar kapell i samarbeid med Martin Wiknes og Andris Tuvmarken.
- Reingjering av stakittgjerdet i Røn.
- Sylvpokal i Røn kyrkje til taksering hjå Blomkvist.
- Gåve, hjørneskåp til kyrkestogun, frå Jan Ove Tuvmarken.
- Marit E. Viste har ansvar for telegramsal og tilsyn og utleie av kyrkestogun.
- Utmelding som melding av Kirkens SOS.
- Leiaren har delteke på møte i prostiet.
- Hytteforeninga i Vestre Slidre har invitert til samarbeid for å greie ut om det er aktuelt å byggje kyrkje på Vaset.
- Joan Toftlund Homme er meldt inn som vår kandidat til bispedømmerådet.

#### **Anna praktisk arbeid som er utført 2014:**

- vanleg vårdugnad og justeringa av vindauge i kyrkestogun.
- held orden på blomsterbedet ved kyrkestog
- planta/ luka og vatna legatgraver

Røn , den 11.mars 2015.

Martin Wiknes

Anne Berit Strømmen Strand

#### **Arbeidsplan for 2015 .**

Aktuelle oppgåver framover:

- Delta på aktivitetar som høyrer til ”årshjulet”.
- Arbeide vidare med justeringar for å tilpasse ny altarduk i Røn kyrkje.
- Fylgje opp arbeidet med heftet om Øyjar kapell.
- Vurdere innmelding av Røn sokn som Grøn kyrkjelyd.
- Utbetre og måle gjerdet på nord- og vestsida av Røn kyrkje.
- Beise kyrkestog omtrentlig.
- Soknerådsval.
- Monter/skåp til to gamle messehaklar og ev. sylvpokalen.
- Innspeil og ynskje om sterke engasjement i høve til misjonsarbeid; t.d. offergåve, besøk eller samarbeid med andre sokn/prestegjeld

# KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

## TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095 90591761	Kyrkjeleverje
Eldbjørg Myrvang Wiknes	61345098 45202615	Kontorfullmektig Diakonimedarbeidar Klokkar Lomen sokn Klokkar Slidre sokn ved gravferd
Are Alund	99734175	Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar Røn sokn. Røn og Øyjar
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjetenar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn sokn. Røn og Øyjar Kyrkjetenar i Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel Ringjar i Slidre Reinhaldar i alle sokna
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar Lomen stavkyrkje
Caroline Synvis	93097190	Trusopplærar

Kyrkjekontoret er opent mandag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.  
Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

# Årsmelding for Lomen sokneråd 2014

Soknerådet 2014 bestod av:

Ola Døhl	Sokneprest
Dagrun Anita Øyen	Leiar og med i gudstjenestenestutvalet
Liv Stokkebryn Ødegård	Nestleiar og med i fellesrådet
Ingunn Olsen Hovda	Sekretær og med i trusopplæræings-utvalet
Ingebjørg Høyne	Kasserar og «Kyrkjebladet»
Tore Gullhaug	Diakoniutvalet
Torger Hålien	Fellesrådet
Gullik Stee	Varamedlem og tilsyn med stavkyrkja
Knut Kjøs Egge	Varamedlem
Per Olav Eide	»
Ola Bakke	»

Lomen sokneråd har vore med på fem fellesmøter for alle sokneråda, og har hatt sju møter for berre Lomen sokn.

Det har vore 11 gudstjenestar i 2014, tre av dei har vore i Slidredomen. Det var seks dåpshandlingar, ein vigsel og sju gravferdar.

Det var fem ungdomar som vart konfirmerte i Lomen kyrkje 8. juni

Pga oppussingsarbeid var Lomen kyrkje stengd frå 1.desember 2013 til 29.mai 2014. I det tidsrommet vart alle kyrkjelege handlingar lagt til Slidredomen.

Oppussinga gjekk i hovudsak på tetting og måling av skipet. Arbeidet vart utført av Slidre Bygg og Prosjektering as og målar Knut Øystein Bakken.

Soknerådet sytte for å få måla delar av golvet før jubileet 29. juli, og resten vil bli utført i løpet av 2015

9. mars var det gudstjeneste på Johmsborg, med årsmøte og soknemøte etterpå. Då vart det vedteke å kjøpe inn 50 nye salmebøker.

9. april var den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Alle fem konfirmantane og alle i soknerådet deltok.

10. mai inviterte soknerådet til dagnad i- og utanfor kyrkja. Det var som vanleg mange som møtte opp. Soknerådet hadde fleire dagnadar for å få alt i kyrkja reingjort og på plass til første messa, som var 29. mai, Kristi Himmelfartsdag.

Tween Camp vart avvikla i prestegården fredag 27. juni til sundag 29. juni. Dette har vorte eit populært arrangement, og mange born og vaksne deltok. Dei fleste medlemarar i alle sokneråda var med og hjalp til med mat, opprydding mm.

20. juli var det gudstjeneste på Syndinstøga, og nærmere 20 personar hadde funne vegen dit.

29. juli vart det feira 100-års jubileum for Lomen kyrkje. Det var mange særslig inviterte gjester, deriblant biskop Solveig Fiske,

fungerande prost Anita Dalehavn, ordførar Lars Kvissel og rådmann Håkon Rydland. Det var og invitert prestar som har hatt tidligare virke i Lomen sokn, og tidlegare soknerådsleiarar.

Gudstjenesta vart lagt opp slik at biskopen, prosten og alle prestane deltok. Elisabeth orienterte om oppussingsarbeidet som hadde vore.

Prosesjonskorset, som Knut Olav Dokken laga, vart brukt for fyrste gong då vi hadde prosesjon inn i kyrkja.

Etter messa inviterte soknerådet alle til fest på Kvamshall. Det vart servert rømmegrøt med tilbehør, og kaffe og marsipankake etterpå. Det var mange fine talar av dei innbudne gjestene. Ordførar Lars Kvissel held eit kåseri om kyrkja. Caroline Groth underheld med vakker song og musikk.

Etter kaffen gjekk dei fleste til stavkyrkja, kor Jahn Børe Jahnson kåserte om stavkyrkja, Gunnar Hauge las diktet om Lomiskyrkja og Solveig Vatn Weisser underheld på langeleik.

Vi i soknerådet syns det vart ei fin feiring av 100-års jubilanten.

Stavkyrkja hadde guiding i heile juli, og det var Christina Hasle og Gullik Lome som var guidar. Grunnen til at vi kunne ha guiding var at kommunen bevilga pengar til det. Utan det tilskuddet hadde det ikkje vore mogeleg å få til noko.

31. august var det feiring av Gullkonfirmantar. Etter gudstjeneste i Slidredomen, var dei inviterte til Sanitetssalen på Sjukeheimen der dei fekk servert rømmegrøt, kaffe og marsipankake. Det var to stk frå kvart sokneråd som var med på det.

12. oktober var det messe i kyrkja, og avslutningsfest for Ola Sandhaugo, som har vore kyrkjetenar i mange år. Det var og ei markering for Kjersti Kirkeby Ødegård, som har vore klokkar i Lomen, og trusopplærar i Vestre Slidre. Kjersti skulle no gå over i anna stilling.

19. oktober var det TV-aksjon i regi av Kirkens Nødhjelp. To stk fra Lomen sokneråd var bøssebærarar.

På slutten av året mottok Lomen kyrkje og Lomen stavkyrkje ein betydelig arv etter Anne og Palmer Kvikstad.

Sundagsskula har vore samla annankvar sundag. Det var 12 samlingar i 2014. Det var 17 medlemarar som møtte opp ein eller fleire gonger. Foreldra var med. Det kostar kr 50 kvart år å vera med i sundagsskula

Sundagsskula får økonomisk støtte frå kyrkja, V. Slidre kommune, V. Slidre Sparebank og Frifondmidlar.

Leiarane har vore Ingrid Røvang, Joan og Leif Homme.

Lomen, 24.03.15

Dagrun Anita Øyen

## Er du GOD å snakke med?

Da ønsker vi deg som frivillig medarbeider i Kirkens SOS Hedmark og Oppland hvor du bidrar til at andre kan få det bedre.

VI TILBYR 40-timers innføringskurs i krisehåndtering og selvmordsforebygging som kan gi deg et større perspektiv på livet!

- DU GIR ca. 10 timer i måneden for å svare på telefon, chat eller mail.
- Du må være fylt 20 år for å være medarbeider i Kirkens SOS

Nytt kurs starter i september 2015, kurssted Moelv

KONTAKT   Telefon: 61 26 95 11 /900 17 535 eller  
E-post: hedmark-oppland@kirkens-sos.no

*Kirkens SOS er landets  
største døgnåpne  
krisesenter på  
telefon og internett.  
Vi har vaktrom på  
Lillehammer, Gjøvik  
og Hamar*

 **Kirkens SOS**  
Hedmark og Oppland  
Blestervegen 5,  
2618 Lillehammer  
[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



# MESSELISTE

## og planlagte arrangement i kyrkjene i Vestre Slidre

Dato	Dag i kyrkjeåret	Stad	Tid	Teneste	Prest	Takkoffer
5/7	Syndag	Øyar kapell	19.30	Høgmesse	Vikarprest Daniel Brandle	Soknerådsarbeid
12/7	Syndag	Syndinstøga	11.00	Høgmesse	Vikarprest Daniel Brandle	Ein kan kjøpe kaffe og kaker etter messa.
19/7	Syndag	Mo kyrkjeruin	11.00	Høgmesse	Vikarprest Daniel Brandle	Soknerådsarbeid
29/7	Olsok	Lomen stavkyrkje	19.30	Olsokmesse	Sokneprest Ola Døhl	Ingen
2/8	Syndag	Vaset Sekskanten	11.00	Stølfsfestival-messe	Prest Ørn B. Jönsson	Soknerådsarbeid
5/8	Onsdag	Slidredomen	19.00	Pilgrimsmesse	Prest Ørn B. Jönsson	Pilgrimsvegen
9/8	Syndag	Lomen stavkyrkje	11.00	Høgmesse m/dåp	Prest Ørn B. Jönsson	Trusopplæring
16/8	Syndag	Kvitsyn	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Diakoni
23/8	FRI					
30/8	Syndag	Slidredomen	11.00	Høgmesse med gullkonfirmantar	Prest Ørn B. Jönsson	Konfirmantarbeid
6/9	Syndag	Slidredomen	11.00	Høgmesse m/ kyrkje-kaffe i prestgarden	Sokneprest Ola Døhl	Soknerådsarbeid
13/9	Syndag	Røn kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Soknerådsarbeid
20/9	Syndag	Lomen kyrkje	19.30	Haustakkemesse	Sokneprest Ola Døhl	Redd Barna
04/10	Syndag	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse med konfirmant-presentasjon	Sokneprest Ola Døhl	
11/10	Syndag	Røn kyrkje	11.00	Familiemesse – lys vaken 4-års bok	Sokneprest Ola Døhl	
18/10	Syndag	Rogndokken grendehus	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
18/10	Syndag	Slidredomen	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl	TV-aksjonen
01/11	Syndag	Slidredomen	11.00	Høgmesse Helgemesse	Sokneprest Ola Døhl	
08/11	Syndag	Øyar kapell	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
15/11	Syndag	Lomen kyrkje	19.30	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
29/11	1.syndag i advent	Røn kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	

Det kan kome endringar. Sjå etter i «Kva Skjer» i avisa Valdres.

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## 09.03.2015 – 21.06.2015

Døypte	Slidre sokn	05.04.15	Emil Kirkeengen Finneberg Aurora Avendano (døypt i Tønjum kyrkje)
		21.06.15	Elida Gjævre Granli Theodor Semeleng Aksel Naustdal Tømmervåg
	Lomen sokn	29.03.15	Mathea Aase Homme
		19.04.15	Marthea Stee
	Røn sokn	23.03.15	Yr Enger
Vigde	Slidre sokn	18.04.15	Monica Leirhol og Jan Steinar Thanke
Jordfesta	Slidre sokn	13.03.15	Ingeborg Hamre (f.-23)
		12.05.15	Gjermund Før (f.-56)
		02.06.15	Guri Nygård (f.-20)
	Lomen sokn	12.06.15	Randi Robøle (f.-28)
		10.04.15	Per O. Einang (f.-22)
		17.04.15	Nils Haugen (f.-19)
		28.04.15	Gjertine Eggebakken (f.-27)
	Røn sokn	27.03.15	Rikke Fosheim Kleven (f.-58)
		24.04.15	Gunnar Tildheim (f.-35)
		08.05.15	Ragna Hambro (f.-26)

## *Helsing frå redaksjonen*

Toril, Turid Kjersti, Ingebjørg og Elisabeth ynskjer alle ein riktig god sumar og ein fin haust.  
Vi har lagt ein giro i bladet og takkar for gåver som kjem inn til konto nr. 2153.07.09296.

Vi er heilt avhengige av dei for å gi ut kyrkjebladet.

Takkar samstundes



for giroane som banken trykker gratis opp til oss.

### Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

- Lomen:** Soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Lena Maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

### Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

- Lomen:** Joker Ryfoss, Lomen Auto, soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

# *Ivar Andreas Aasen*

## *1813-1896*

var ein produktiv diktar heile livet. Ein gong vart han, av barndomsvenen Niels Michelsen, minna på ein religiøs song som Iver (han skreiv namnet sitt slik) hadde skrive i ungdomstida. Han hadde truleg skrive denne visa då han var omgangsskulelærar i 1832. Songen vart fyrste gong trykt i 1900 av Ugebladet i Volda. Bygdefolket kalla songen «Namnevisa», då fyrste bokstaven i kvar av dei 16 strofene til saman danna eit namn.

*I denne Verdens Møisomhed  
Ved Ordets Lys Gud viste mig  
En sund Forstand og Ordets Lys  
Ret kan jeg aldriig sige ud*

*At være fød af ringe Stand  
Naar vi betragte med Forstand  
Det oftest gaar i Verden saa  
Ret som en Blomst i Engen staar*

*Ei kan jeg vok lovsyngende  
Alt fra min første Barndoms Tid  
Saameget jeg annammet har  
At kalde os ved Prøvelser*

*Alt hvad jeg ved at sige mer  
Så før mig da fremdeles saa  
Et varigt Haab en stadig Tro  
Naar da engang mit Livets Band*



**Røn Gard**

TYINVEGEN 1507

2960 RØN